

## **Saksprotokoll i fellesnemnda - 19.12.2018**

**Silja Ekeland Bjørkly (H)** sette fram slikt forslag.

«Alternativ:

1. Modell 1: Eitt inntaksområde – karakterbasert (fritt skuleval) vert lagt til grunn for vidare arbeid med tilbodsstruktur og inntak.
2. Prosjektleiar kjem tilbake med sak om eventuelle reisetidsgarantiar til fellesnemnda våren 2019.»

**Aud Karin Oen (SV)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Vestland fylkeskommune skal ha eit inntak basert på nærskuleprinsippet/geografisk styrt inntak.

Søkjane vert prioritert ut frå inntak på nærmeste skule forutsatt at søkt programområde finst ved nærskulen.

Dersom programområdet/utdanningsprogrammet ikke finst ved søkeren sin nærskule, vel søkeren sjølv kva skule han/ho vil søker.»

**Roald Kvamme (A)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Modell 3: Fleire inntaksområde – karakterbasert vert lagt til grunn for vidare arbeid med tilbodsstruktur og inntak.
2. Elevane må få rett til å fullføre utdanningsprogrammet ved den skulen dei er starta opp på der skulen har eit fullverdig tilbod innan dei ulike programfaga.
3. Inntaksordninga skal sikre fleksibilitet for elevane i grenseområda.
4. Prosjektleiar kjem tilbake med sak om tal inntaksområde og geografisk avgrensing av desse til fellesnemnda våren 2019. I denne utredninga må ein i størst mogleg grad ta omsyn til at elevane kan gå på nærmeste skule.»

**Trude Brosvik (KrF)** sette på vegner av KrF og V fram slikt fellesforslag:

«Alternativ:

Fellesnemnda vedtek ei inntaksordning med 2 regionar lik dagens fylkeskommunar. Det skal gjerast på ein måte som sikrar fleksibilitet for elevane i grenseområda.»

**Trude Brosvik (KrF)** sette på vegner av KrF og V fram slikt felles oversendingsforslag til Vestland fylkeskommune:

«Ein ber om at dei ulike modellane vert sendt på høyring til relevante organ som ungdommens fylkesting, elevorganisasjonane og elevråd ved skulane.»

## **Røysting**

Bjørkly sitt forslag fekk 7 røyster (H, Frp og 1V) og fall.

Oen sitt forslag fekk 2 røyster (SV) og fall.

Kvamme sitt forslag fekk 7 røyster (A) og fall.

Innstillinga fekk 11 røyster (A og Sp) og fall.

Brosvik sitt forslag fekk 11 røyster (KrF, V, Frp og H) og fall.

Brosvik sitt oversendingsforslag vart samrøystes vedteke oversendt.

## Vedtak

Ingen av forslaga fekk fleirtal og det vart dermed ikkje fatta vedtak i saka.

Fellesnemnda vedtok deretter samrøystes å sette saka på sakskartet på ny, jf. kommunelova § 34 nr. 1. Innstillinga og KrF og V sitt fellesforslag vart lagt til grunn for ny røysting.

## Ny røysting

Innstillinga fekk 13 røyster (A, Sp og SV) og vart vedteke mot 11 røyster (H, Frp, KrF og V) for V og KrF sitt fellesforslag som fall.

## Vedtak

1. Modell 3: Fleire inntaksområde – karakterbasert vert lagt til grunn for vidare arbeid med tilbodsstruktur og inntak.
2. Prosjektleiar kjem tilbake med sak om tal inntaksområde og geografisk avgrensing av desse til fellesnemnda våren 2019.